

FOTBALLGRUPPA

Årsmøte for meldingsåret 2003 vart halde 29.januar 2004 i Klubbhuset.
Styret fekk denne samansetjinga etter årsmøtet:

Frank Skjerping	-leiar
Birthe L. Hatland	-nestleiar/skrivar
Tore Langeland	-kasserar
Britt Lillefosse	-materiellforvaltar
Kari Solberg	-leiar sportsnemnd
Øyvind Litland	-leiar økonominemnd
Baste Lone	-leiar banenemnd
Kåre Bysheim	-leiar sponsornemnd (møtt i haust)

Fotballgruppa har i meldingsåret 219 betalande medlemmar.

Me har hatt 11 styremøter og handsama 70 saker. 21.og 22.februar hadde me eit utvida styreseminar på Voss. Her deltok 20 tillitsvalde.

Leiar møter på hovudstyremøta til OIL, er som gruppeleiar medlem av hovudstyret.

Me har vidare deltatt på sonemøte til HFK, informasjonsmøte Osterøy Kommune og hatt møte med Hausvik FK.

Denne sesongen har det vore 18 lag i sving. Av desse er 3 samarbeidslag med Fotlandsvåg IL, 2 samarbeidslag med Hausvik FK og 2 samarbeidslag mellom Osterøy/Fotlandsvåg/Haus. Alle laga har i tillegg til seriespel deltatt på ulike cupar: Kiwi Hausvik cup,Bjørnar, Lærdal, Varegg, Nattcup Vestlandshallen, BIF-cup i Danmark, Etne, Nordhordlandshallen. Me hadde ein treningsdag for alle aldersbestemt i Vestlandshallen og ei treningshelg i Osterøyhallen.

Den bråe stenginga av grasbana på Hatland i vår sette nok sitt preg på arbeidet i Fotballgruppa ei stund denne sesongen. Det vart mykje ekstra organisering og frustrasjon oppi ein vanskeleg banesituasjon som me hadde frå før. A-laget trena og spela heimekampane i Vestlandshallen og Garnes til ut i august månad. Dette var nok ei medverkande årsak til at det sportsleg gjekk litt tungt og me så vidt unngjekk nedrykk. Dei andre laga spela kampane i Haus og Fotlandsvåg.

Av opplæring har me hatt 7-8 stk. på dommarkurs, og 7-8 stk på to ulike aktivitetsleiar kurs.

Me var saman med Fotlandsvåg IL og Hausvik FK på Brannkamp i haust. Om lag 350 stk var med. Veldig populært.

I høve Brannkampen hadde me eit sponsortreff på Brann stadion der Morgan Andersen frå Lyn heldt eit foredrag for oss.

Avslutninga av sesongen for aldersbestemt var i Osterøyhallen der dei får spela fotball og motta premiar. Veldig bra opplegg.

Medlemsfest på Grønskaret der to gamle lag var inviterte med. Mimring og premieutdeling for dei vaksne.

Fotballgruppa har utført ein god del dugnad på Klubbhuset også dette året. Snekring, beising, rydding, ferdigstilling lager mv.

Banenemnda har stått for drifta av grasbana og avlastningsbana. Slit med dårleg slåtteutstyr til grasbana. Grasbana er pipelufta ein gong.

Me har skipa til to bryggedansar og ein halldans dette året. I fjor fekk me kraftig kritikk hjå Lensmannen for arrangementet vårt på bryggedansane. Dette året har me endra dansane, i samarbeid med lensmannsetaten, og dette har vore svært vellykka. Det har vorte eige serveringsområde med 18 år aldersgrense. Vidare har me fokusert på dei mellom 15-18 år mht alkoholbruk og premierte dei som er edrue på arrangementa. Veldig positivt mottatt.

Kiosken har vore tilstades på alle kampane og arrangementa. Ikkje alltid mykje pengar å tena, men sosialt eit samlingspunkt.

Før jul vart det laga ein kalendar med alle laga til Osterøy og Fotlandsvåg. Veldig bra. Alle spelarane må selja 5 kalendarar kvar.

Ribbecup laga me til i romjula i Osterøyhallen. Denne gongen delt i to klassar, mosjon og aktiv. Vellykka endring med full påmelding. (20 lag)

Kunstgrasbana i Fugledalen har det vore lite framdrift med. Manglar finansiering og framleis manglar regulering av området.

Økonomisk går det litt tungt for tida. Fekk ein del ekstrakostnader i høve stenginga av grasbana, men arrangementa er dei som sviktar mest med inntektene. (eine bryggedansen regna vekk). Mange sponsoravtalar går ut dette året så her er ein stor jobb å gjera for sponsornemnda framover.

På årsmøtet til Osterøy IL hadde Fotballgruppa 3 stk som fekk heidersteikn for lang og tru teneste: Tore Langeland fekk sølvmerke, Ivar Solberg fekk sølvmerke og Jo Solberg fekk bronsemerke. Fotballgruppa gratulerar!

Det er trass ein vanskeleg banesituasjon stor aktivitet i Fotballgruppa. Dette er takka vera flinke og kreative tillitsvalde, trenarar, leiarar og andre støttespelarar. Takk til alle!

Styret